



"Røysterett for alle" syng i Aktivitetshuset tidlegare i år – snart skal dei i elden i tre omgangar i Kulturhuset på Husnes. Først kjem to Sande-konsertar og i november kjem det lokale songarstemnet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

"Som ein storm frå vest" heitte Herbjørn Sørebo sin biografi om Jakob Sande. "Storm frå vest" heiter og eit av Sande sine dikt. Og ikkje uventa heiter kabareten som blir framført i kinosalen på Husnes 12. og 14. oktober nett "Storm frå vest". Uskedalskoret "Røysterett for alle" er med og syng tre songar i det halvannan time lange programmet. I tillegg skal dei delta i ein "finale" der alle er med.

Regissør og aktør Bjørn Skibenes fortel til uskedalen.no at det blir ein miks av ord og tonar. Husnes blandakor skal og syngja tre songar og fellesnummer. Dei fem i 'Fredmanns apostlar' har ei svært sentral rolle. Dei har ansvaret for to programbolkar på ein halvtime, men desse vil og vera løyst opp med diktlesing.

I starten av heile kabareten blir det ein stutt presentasjon med bilete frå Sande sitt miljø ved Leif Thuland.

Fellesnummeret heilt på tampen blir 'Daniel Davidsson'.


- Den første bolken vår blir ramsalt og tøff, mens den andre blir roligere, fortel regissøren, som finn det viktig at Sande-jubileet blir skikkeleg markert også på våre kantar.

Markeringa har allereie vore i gong lenge i distriktet der den ruvande Vestlands-diktaren hadde sine røter. 1. desember er det 100 år sidan han vart fødd.

- Men eg må ta ein reservasjon med omsyn til lengda på kabareten. Kor lenge vi held på avheng sjølv sagt av kor mange ekstranummer vi må syngja, humrar Bjørn Skibenes.

Skibenes lovar at kabareten skal gje eit tverrsnitt av Sandes produksjon, frå det ramsalte til det vare, for ikkje å seia det sakrale. Gjennom dei 25 innslaga er det også lagt vekt på å ta fram dikt og songar som ikkje er så godt kjende eller som lesast og syngjast til vanleg.

Av Ola Matti Mathisen



Jakob Sande på rotur – truleg mot Kobbeskeret.